



Kommunane i Møre og Romsdal

Rundskriv 2/2013 - RMP - Kommentar til forskrift om tilskot gjennom Regionalt miljøprogram (RMP) for Møre og Romsdal

Dette rundskrivet erstattar rundskriv 3-2012 RMP.

Innhold

Innleiing.....	2
Kapittel I. Generelle føresegner.....	2
§ 1. Føremål	2
§ 2. Verkeområde.....	2
§ 3. Grunnvilkår	2
§ 4. Tilskotsatsar m.m.....	2
§ 5. Søknad og utbetaling.....	3
Kapittel II. Tilskotsordningane.....	4
§ 6. Tilskot til slått og beiting av lokalt viktige jordbrukslandskap.....	4
Områda er avgrensa slik:	4
§ 7. Tilskot til skjøtsel av bratt areal.....	5
§ 8. Tilskot til drift av beitelag.....	5
Godkjenning og krav til beitelag	5
§ 9. Tilskot til skjøtsel av slåttemarkar	6
§ 10. Tilskot til skjøtsel av kystlynghei.....	6
§ 12. Tilskot til seterdrift med mjølkeproduksjon.....	7
Vilkår for ekstra tilskot for foredling av råvarene på setra:.....	8
§ 13. Tilskot til skjøtsel av gravminne	8
§ 14. Tilskot til ingen/utsett jordarbeiding	9
§ 15. Spreiing i vår-/vekstsasjonen.....	9
§ 16. Tilskot til bruk av tilførselsslangar	9
Kapittel III. Rettar, plikter, sanksjonar m.m.....	10
§ 17. Kulturlandskapskrav	10
§ 18. Vedtak, dispensasjon og klage	10
§ 19. Opplysningsplikt og kontroll.....	11
§ 20. Tilbakehald og avkorting ved brot på forskrifta.....	11
§ 21. Avkorting ved brot på anna regelverk.....	11
§ 22. Utrekning og innkrevjing av avkortingsbeløp m.v.....	11

Innleiing

I den nye forskrifta har alle fylka i landet felles reglar i kapittel I og III. Kapittel I inneheld føresegner om føremål, verkeområde, grunnvilkår, satsar og søknad. Kapittel III inneheld føresegner om rettar, plikter og sanksjonar.

Kapittel I. Generelle føresegner

§ 1. Føremål

Føremålet med regionalt miljøprogram er å medverke til eit aktivt og bærekraftig jordbruk, å ivareta kulturlandskapet og å redusere forureininga frå jordbruket.

Kommentar: Granskingar har vist at folk som vel å busetje seg på landsbygda, legg vekt på bumiljø, gode oppvekstvilkår for born, frisk luft og tilgang til friluftsliv, jakt og fiske viktige faktorar. Dei fleste finn det mest attraktivt å bu i varierte kulturlandskap med landbruk. For å oppretthalde kulturlandskapet, krevst det eit aktivt landbruk, men også tilgang på anna arbeid i nærleiken. Velstelt kulturlandskap er eit viktig salsprodukt for reiselivet.

Det langsiktige målet for RMP for Møre og Romsdal er å utarbeide tilskotsordningar som medverkar til eit miljøvennleg landbruk, som også har økonomisk bærekraft. Samstundes skal landbruket ivareta verdiar som samfunnet ønskjer å prioritere, som det opne, velstelte landskapet med kulturminne og biologisk mangfald.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld for tiltak i Møre og Romsdal. Sjå også kommentar til § 5, siste avsnitt, om når føretak i Møre og Romsdal gjennomfører tiltak i andre fylke.

§ 3. Grunnvilkår

Tilskot kan gjevast til føretak som har rett til produksjonstilskottilskot i jordbruket og som har miljøplan trinn 1.

Tilskot kan òg gjevast til beitelag som er godkjende av kommunen og registrert i Einingsregisteret.

Kommentar: Vi viser til rettleingsheftet for produksjonstilskot, og til «Rundskriv nr 28/2013: Kommentarer til reglene om produksjonstilskudd i jordbruket og tilskudd til avløsning ved ferie og fritid - søknadsomgangene 20. august 2013 og 20. januar 2014» frå Statens Landbruksforvaltning. Der er alle sider ved grunnvilkåra for å motta tilskot grundig kommentert. Dei same vurderingane gjeld for Regionalt miljøprogram. Kommentaranne til §§ 3 og 4 i Forskrift om produksjonstilskot i jordbruket er særleg aktuelle.

Det er eit særskilt krav om at føretaket må ha miljøplan trinn 1 for å kunne søkje om tilskot til regionalt miljøprogram. Dersom miljøplanen manglar eller ikkje kan godkjennast, blir søknaden avslått.

§ 4. Tilskotsatsar m.m.

Tilskot vert gjeve etter utfyllande retningslinjer, satsar, soner og definisjonar fastsett av Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Kommentar: Alle satsar i rettleingsheftet er førebelse. Endelege satsar vil bli fastsette før utbetaling om lag i veke 9 i 2014. Det skjer på grunnlag av den økonomiske ramma og søknadsomfanget. Det vil bli sendt ut eige rundskriv om utbetalinga og endelege satsar i februar 2014.

§ 5. Søknad og utbetaling

Søknad skal leverast på eige skjema, fastsett av Fylkesmannen i Møre og Romsdal og innan søknadsfrist fastsett av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Søknader som blir levert etter fristen, vil få berekna ein reduksjon i tilskotet på kr 1 000 for kvar virkedag rekna frå fristen. Søknader som vert levert meir enn ein månad etter søknadsfristen, skal avvisast.

Berekna tilskot under 500 kroner blir ikkje utbetalt.

Løyvd tilskot vert utbetalt til det føretaket som søkte. Tilskotet kan ikkje overdragast til eige eller pant.

Kommentar: Fylkesmannen utarbeider ikkje lenger eit papirskjema, men definerer tiltaka i fylket vårt i det elektroniske saksbehandlingssystemet. Frå dette systemet kan det skrivast ut papirskjema, dersom det er nødvendig. Søknad om tilskot til RMP bør skje elektronisk, men kan også skje på papirskjema skrive ut frå saksbehandlingssystemet. Søknad fremja på anna måte skal avvisast, men søkjaren bør få rettleiing om korleis korrekt søknad kan fremjast. Det elektroniske skjemaet ligg på www.slf.dep.no, men kan også finnast i skjemakatalogen på www.altinn.no. Søkjaren kan logge seg inn ved hjelp av BankID, MinID, BuyPass (t.d. tippekort og kortlesar) eller liknande. Begge nettsidene fører til pålogging via Altinn, men www.slf.dep.no er enklast å bruke. Når søkjaren startar med www.altinn.no, må skjemaet leitast opp i skjemakatalogen på Altinn. Dersom søkjaren startar med www.slf.dep.no, blir vedkommande styrt direkte frå innlogging til søknadsskjemaet.

Søknadar frå enkeltpersonsføretak skal signerast av innehavaren eller ein person med delegert rolle på Altinn. Søknadar frå andre typar føretak skal signerast av ein som representerer selskapet. Roller registrert i Einingsregisteret for ein person i eit selskap kan sjekkast i landbruksregisteret. Det er også mogleg å få rolle delegert på Altinn. Det kan søkjast om tilskot til dei tiltaka, dyra, areala og kulturminna føretaket disponerte per 31.07. i søknadsåret.

Søknadsfristen er **20. august**. Søknadsfristen for tilskot til beitelag er **1. november**. Satsen for reduksjon i tilskot ved for sein levering er felles for heile landet.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal kan i særlege tilfelle gje dispensasjon frå søknadsfristen. Særlege tilfelle er forhold som ligg utanfor søkjaren sin kontroll.

Føretaket skal søkje om tilskot i det fylket der aktiviteten føregår. Det betyr at føretak med driftssenter i Møre og Romsdal, som til dømes driv mjølkeproduksjon på seter i Sør-Trøndelag, skal søkje om setertilskot i Sør-Trøndelag. Beitelag søkjer om tilskot i det fylket der beitelaget disponerer beiteområde, og der dyra beiter. Dersom beitelaget driv beiting i fleire fylke, skal beitelaget søkje i det fylket der hovuddelen av beitinga skjer. Ved tvil skal Fylkesmannen i Møre og Romsdal avgjere kvar søknaden skal sendast.

Kapittel II. Tilskotsordningane

§ 6. Tilskot til slått og beiting av lokalt viktige jordbrukslandskap

Tilskot kan gjevast til føretak som driv jordbruksareal innafør nærare avgrensa soner med særleg verdifullt kulturlandskap.

Kommentar: Det er prioriteringane i dei nasjonale registreringane av verdifulle kulturlandskap og registreringane i Storfjordprosjektet som ligg til grunn for denne ordninga. Nye område kan kvalifiserast på grunnlag av godkjende registreringar av natur og kulturlandskapsverdiar. Frå og med 2007 er Ulla/Flem teke med, og frå og med 2010 er Bugge teke med.

Områda er avgrensa slik:

1. Grøvuvasstraget i **Sunddal** kommune: Alt areal som har avløp til elva Grøvu frå og med Børstølen og oppover.
2. Eikesdalen i **Neset** kommune: Alt areal frå og med gardane Vike og Hoem og oppover
3. Romsdalen i **Rauma** kommune: Alt areal frå Trollveggen til Oppland grense
4. Storfjordområdet:
 - a. **Stordal** kommune: Dyrkornvasstraget og Stordalsvasstraget ovanfor Vad bru (Nøredalen).
 - b. **Stranda** kommune: Heile Geirangerbygda og alle fjordvendte gardar på begge sider av fjorden frå Ljøen til og med Liene, vidare på austsida av fjorden frå og med Ansok til grensa mot Stordal.
 - c. **Norddal** kommune: Alle bygdene på sørsida av fjorden frå og med Tafjorden til og med Indreeide.
5. Nordangsfjorden og Nordangsdalen i **Ørsta** kommune.
6. Runde, Nerlandsøya og Skorpa i **Herøy** kommune.
7. Området ved Alnes fyr i **Giske** kommune.
8. Tautra i **Midsund** kommune.
9. Hustadvika i Fræna, Eide og Averøy kommune.
 - a. **Fræna** kommune: Budaværet og alt areal vest for Nasjonal Turistveg frå Bergset til grensa mot Eide kommune.
 - b. **Eide** kommune: Vevangbygda og Årsbogen .
 - c. **Averøy** kommune: Sona omfattar øyane langs Atlanterhavsvegen. Vidare vert sona avgrensa slik at den omfattar eksisterande jordbruksareal i områda nordaust for Atlanterhavsvegen, til og med Storesandøy, Hasseløyseter og området rundt Vågavatnet. Deretter går avgrensinga sørover til fylkesveg 250 (Staurnesvegen) og følgjer denne til krysset med riksvei 64. Mot sør vert området avgrensa av riksveg 64 mellom krysset med Staurnesvegen og krysset med Atlanterhavsvegen, vidare av fylkesveg 247 så langt sør som til og med Grovaneset.
10. Sørsmøla i **Smøla** kommune: Alle gardane frå og med gnr 14 Kuløy, til og med gnr 42 Skarpnes. Ordninga omfattar ikkje dei nydyrka myrane på Holmsvassmyra, Røkmyra og Jøstølmyra.
11. Heile Ulla i **Haram** kommune, unnateke fjellet. Frå «bruvegen» på Flem og heile norsida av Flemsøy/Skuløy til og med nordlegaste bruket på Nogva.
12. Areala på Bugge i **Neset** kommune, frå og med Breivika til og med Bleineset.

Det kan gjevast tilskot til areal som ligg innanfor desse sonene, og som er godkjent for areal- og kulturlandskapstilskot i produksjonstilskot. Arealet skal haustast ved slått eller beiting.

Fulldyrka og overflatedyrka areal som berre vert beita, skal om nødvendig pussast, slik at det ikkje blir oppslag av tuegras, høge urter eller kratt.

Føretak kan få berekna tilskot for det areal som ligg innanfor sonene, uavhengig av kvar driftssenteret er plassert.

§ 7. Tilskot til skjøtsel av bratt areal

Tilskot kan gjevast til føretak som driv minimum 10 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord med ei helling på 1:5 eller brattare. Arealet må haustast ved slått.

Kommentar: Føretaket må drive minimum 10 daa bratt areal for å kunne søkje om tilskot til skjøtsel av bratt areal. Arealet skal ha ei gjennomsnittleg helling på 1:5 eller brattare. Areal som ligg for seg sjølv, omkransa av areal med andre arealklasser, kan takast med i søknaden, dersom det er minst 1 daa. Arealet må haustast ved slått. Beiting er ikkje lenger godkjent skjøtselmetode for bratt areal.

Søknadssystemet eStil krev at bratt areal blir fordelt på to klasser, 1:3 eller brattare og mellom 1:5 og 1:3. I Møre og Romsdal har vi berre eitt tiltak for alt bratt areal. Fordelinga må likevel gjerast, elles vert tilskotet berekna feil. Kartløyvinga i eStil inneheld opplysningar om kor bratt arealet er.

§ 8. Tilskot til drift av beitelag

Tilskot kan gjevast til drift av godkjende beitelag som organiserer felles beitebruk i utmark i minimum 5 veker i sommarhalvåret.

Kommentar: Føremålet med ordninga er å legge tilhøva til rette for best mogeleg utnytting av beite i utmark, og å redusere tap av dyr på utmarksbeite gjennom organisert tilsyn, organisert sanking og andre målretta fellestiltak i beiteområde.

Tilskot kan gjevast til beitelag som er godkjende av kommunen, og som organiserer felles beitebruk for sau, geit, storfe og hest i utmark i minimum 5 veker i sommarhalvåret. Mjølkkande kyr og geit, og dyr som heile beitesesongen beitar på innmark, er ikkje omfatta.

Det kan søkjast om tilskot til drift av beitelaga gjennom Regionalt miljøprogram, og søknadsfristen er **1. november**. Det kan også søkjast om tilskot til investeringar gjennom *Organisert beitebruk* (tidlegare SMIL). Kontakt kommunen for meir informasjon.

Tilskot kan gjevast med eit fast beløp per storfe og per småfe som kjem att frå beite om hausten. Sjå utbetalingsrundskriv, som vert utsendt i februar 2014.

Godkjenning og krav til beitelag

Beitelag skal godkjennast i det fylket der beitinga føregår. Det er kommunen som godkjenner beitelag.

Eit beitelag må ha minst 3 medlemmar og 150 småfeeiningar. 1 småfeeining = 0,1 storfe = 0,1 hest = 1 sau = 1 lam = 1 geit = 1 kje.

1. Husdyrhaldet som er omfatta av beitelaget si verksemd, må drivast i samsvar med lover og forskrifter som gjeld for husdyrhald
2. Beitelaget må vere registrert i Einingsregisteret etter retningslinjer frå Einingsregisteret.
3. Laget skal vera ope for alle brukarar som har tilgang til utmarksbeite i eit område der samarbeid kan fremje bruken av beiteområda

4. Laget skal bruke alle tilskot til til å fremje den organiserte beitebruken i området gjennom felles tiltak. Tilskotet kan ikkje betalast direkte ut til medlemmane i beitelaget
5. Laget skal organisere effektivt og forsvarleg tilsyn og sanking av eigne og andre sine dyr i laget sitt område. Det skal gjennomførast tilsyn i beiteområdet minst ein gong per veke, i samsvar med «Forskrift om velferd for småfe»
6. Laget skal samarbeide med tilgrensande lag når det kan effektivisere ressursbruk og utnytting av beita. Dette gjeld særleg sanking og ettersanking
7. Laget skal notere på fastsett skjema opplysningar om gjennomført tilsyn (dato, tilsynsrunde, unormale tilhøve i beiteområdet og tiltak som er sett i verk). Norsk Sau og Geit har utarbeidd skjema og notisbøker for føremålet. Fylkesmannen i Møre og Romsdal og kommunen kan be om å få lagt fram denne dokumentasjonen.
8. Laget skal sende årsrapport på fastsett skjema til kommunen

§ 9. Tilskot til skjøtsel av slåttemarker

Tilskot kan gjevast til føretak som skjøttar artsrike slåttemarker som er spesielt verdfulle for biologisk mangfald i kulturlandskapet. Det er ein føresetnad at føretaket har inngått og følgjer skjøtselavtale utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Det er miljøvern-avdelinga som er kontaktpunkt hos Fylkesmannen for desse spørsmåla.

Kommentar: Føremålet er å stimulere til skjøtsel av artsrike slåttemarker, slik at ikkje det biologiske mangfaldet eller andre kvalitetar vert forringa.

Vilkår:

1. Areal som skal ha tilskot må ligge i Naturbase, eller vere registrert og planlagt innlagt i Naturbase som slåttemark på innmark med verdi A eller B.
2. Areal som ikkje eller i liten grad har vore gjødsla skal prioriterast.
3. Arealet må være i slik hevd, at dei verdiane som ligg til grunn for utveljinga framleis er til stades, eller vil komme attende ved planlagt restaurering.
4. Miljøvern-avdelinga hos Fylkesmannen utarbeider skjøtselplan for tiltaket, og inngår ein skjøtselavtale med søkjaren. Avtalen må vere på plass før registreringsdatoen den 31. juli.

§ 10. Tilskot til skjøtsel av kystlynghei

Tilskotet kan gjevast til føretak som held ved like område med kystlynghei gjennom sauehald, der dyra beiter ute heile året, og tek opp hovuddelen av næringstrongen frå beite. Det er ein føresetnad at dyrehaldet er godkjent av Mattilsynet.

Kommentar: Føremålet med ordninga er å stimulere til tradisjonell skjøtsel av kystlynghei gjennom sauehald. Tilskot til skjøtsel av kystlynghei ved beiting skal berre gjevast til tradisjonell utegangardrift med sau som går ute heile året og hentar hovuddelen av føret frå kystlynghei.

Det skal leggest vekt på dyrevelferd. I tiltaket er det eit krav på minst 10 daa beiteareal pr vaksen sau. Det skal førast tilsyn med dyra minst ein gong i veka, i samsvar med «Forskrift om velferd for småfe». Dersom kvaliteten på beitet er slik at 10 daa beiteareal per vaksen sau ikkje er nok til at dyra har tilfredsstillande førtilgang, må dyretalet reduserast.

§ 11. Tilskot til tilrettelegging av fuglebiotopar

Det kan gjevast tilskot til tilrettelegging av hekkeplassar for utryddingstruga fugleartar, dersom det er inngått avtale med Fylkesmannen i Møre og Romsdal for vedkommande sesong.

Kommentar: Føremålet med ordninga er å verne dei fugleartane som over lang tid har tilpassa seg hekking på kulturmark. Raske endringar i måten vi driv jordbruk på, og då særleg tidlegare hausting, kan slå ut heile bestandar av fugleartar som tradisjonelt hekkar i slåttemark. Både egg, ungar og vaksne fuglar blir øydelagde i grashaustinga, fordi haustinga no føregår før ungene er klekte eller har forlate reirområdet.

Føretak kan få tilskot til å setje av areal der det er registrert at utryddingstruga fugleartar hekkar, slik at dette arealet ikkje blir slått før ungene har forlate området. Tidlegaste slåttedato for slikt areal er sett til 1. august.

Åkerriksa er den mest kjende utryddingstrua fuglearten som hekkar på innmark i vårt område, men der er fleire artar som er trua og som kan kvalifisere for tilskot. Det er miljøvernavingdelinga hos Fylkesmannen som avgjer kva fugleartar som kvalifiserer for vern, og kor mykje areal som må setjast av for at hekkeplassen skal ha tilstrekkeleg vern. Arealet må kartfestast.

§ 12. Tilskot til seterdrift med mjølkeproduksjon

Tilskot kan gjevast til føretak som har heile eller deler av mjølkeproduksjonen på seter i minst 5 veker i sommarhalvåret. Produksjonen må skje innafør kvote, eller i samsvar med forskrift om fritak frå overproduksjonsavgift ved lokal foredling av mjølk. Det kan gjevast ekstra tilskot til føretak med seter, der råvarene frå setra blir foredla på setra.

Kommentar: Føremålet er å bidra til å oppretthalde og stimulere til auka bruk av setrane i fylket. Dette for å ta vare på, vidareføre og vise fram setermiljøet og halde ved like det biologiske mangfaldet, som er knytt til denne driftsforma. Føremålet vil gjelde både dei sidene av seterkulturen som er knytt til bygningar, foredling av mjølka og til stell av landskapet ved beiting og slått.

Dyra skal mjølkast på setra.

Godkjenning av nye setrar må sjåast i samanheng med det som finst av tradisjonell seterkultur på staden. Jord som tidlegare har vore brukt til vanleg jordbruksdrift med heilårs busetnad, skal som hovudregel ikkje godkjennast. Det er med andre ord ein føresetnad at seterområdet er eit tillegg til den daglege gardsdrifta, i eit område der det ikkje er naturleg å bu heile året.

Drift av enkeltseter med mjølkeproduksjon

Føretak som har kyr eller geiter fordelt på to eller fleire setrar, kan berre få eitt setertilskot. Derimot kan føretak som har kyr på ei seter og geit på ei anna, få tilskot for to setrar..

Drift av felleseter med mjølkeproduksjon

Der fleire samarbeider om setringa, skal tilskotet fordelast på tal deltakarar i fellesetra. Deltaking er uavhengig av om føretaket har andel i setra eller ei. Spørsmålet er kor mange som har hatt melkeproduksjon på sætra i minst 5 veker.

På ei seter kan det vere fleire seterhus, der ulike føretak driv setring. For at seterdrifta til eit føretak skal definerast som eiga seter og ikkje felleseter, skal det ikkje vere nemnande samarbeid med andre føretak om drifta. Kwart føretak skal til dømes ha kvart sitt husdyrrom til mjølking, med eige mjølkeanlegg og tank. Alle deltakarane i fellesetra fyller ut sitt eige søknadsskjema, og fører opp tal deltakarar på kvart sitt skjema. Ved søknad om tilskot til fellessæter, skriv alle søkjarane inn same tal deltakarar på setra.

Vilkår for ekstra tilskot for foredling av råvarene på setra:

1. Det skal bu folk på setra i minst 5 veker om sommaren.
2. Minst 3 kyr eller 12 geiter skal mjølkast på setra kvar dag i minst 5 veker.
3. Mjølka skal vidareforedlast på setra.
4. På setra skal det vere hus for opphald og overnatting, fjøs og rom for handtering av mjølka.
5. Setra skal vere tilgjengeleg for besøk. Dette skal gjerast kjent ved skilting, annonsering, eller på annan måte.
6. Drifta skal ha godkjenning av Mattilsynet.

Drift av enkeltseter med foredling

Føretak som driv setring kan også få tilskot til foredling av mjølk. På seter der føretaket får tilskot til foredling, bør det vere mogeleg å få kjøpe lokalt foredla mjølkeprodukt. Å vise fram seterkulturen ved demonstrasjon av tradisjonelle driftsformer som kinning, separering, ysting, ljaslått, hesjing osv. vil vere svært positivt. På denne måten kan besøkande få oppleve seterkulturen både ved smak og ved å delta aktivitetar.

Drift av felleseter med foredling

Alle deltakarane i fellesetra fyller ut sitt eige søknadsskjema, og fører opp tal deltakarar på kvart sitt skjema. Det er berre dei som deltek i foredlinga som skal føre opp dette tiltaket. Det kan vere eit mindre tal enn tal deltakarar i felleseter.

§ 13. Tilskot til skjøtsel av gravminne

Tilskot kan gjevast til føretak som skjøttar automatisk freda gravminne på innmark. Gravminnet skal vere lagt inn i register godkjent av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Gravminnet skal ikkje vere sterkt skada eller øydelagt.

Kommentar: Aktuelle register for kulturminne:

- Riksantikvaren sin database «Askeladden»
- Økonomisk kartverk
- Møre og Romsdal fylkeskommune sitt arkeologiske arkiv

Gravminnet skal skjøttast på ein måte som gjer det synleg og tilgjengeleg. Dersom gravminnet er forringa på grunn av attgroing, skal det ikkje godkjennast for tilskot. Føretaket må ha miljøplan trinn 2 med godkjent skjøtelsesplan, der det går fram korleis minnet skal skjøttast. Plana skal godkjennast av kommunen.

Det kan gjevast tilskot til inntil 20 kulturminne per føretak.

§ 14. Tilskot til ingen/utsett jordarbeiding

Tilskot kan gjevast til føretak som utset jordarbeiding av kornareal eller eittårig raigras til våren.

Kommentar: Føremålet med tiltaket er å unngå jordarbeiding om hausten, for å unngå erosjon og avrenning av næringsstoff frå kornareal og areal med eittårig raigras.

Søkjaren fører opp det arealet som er planlagt overvintra i stubb. Dersom der blir endringar i arealbruken, t.d. dersom det blir naudsynt å pløye ned husdyrgjødsel på arealet om hausten, må kommunen få melding om dette før 1. november.

I 2013 kan alle som oppfyller krava søkje om tilskot til dette tiltaket. Det er varsla i miljøprogrammet at det seinare i planperioden kan bli aktuelt å knytte dette til område der det er særleg viktig å unngå erosjon og avrenning.

§ 15. Spreiing i vår-/vekstsasjonen

Det kan gjevast tilskot til areal der det vert spreidd husdyrgjødsel tilsvarande minst 5 kg totalnitrogen pr daa. Siste frist for all spreiiing av husdyrgjødsel på føretaket er 10. august, og avlinga må haustast etterpå.

Kommentar: Husdyrgjødsel er ei av dei viktigaste kjeldene til forureining frå landbruket. Føremålet er å få ei best mogeleg utnytting av næringsstoffa i den husdyrgjødsel som er tilgjengeleg på kvart enkelt føretak, samstundes som avrenning av næringsstoff og utslepp av klimagassar frå husdyrgjødsel blir redusert. Tiltaket skal stimulere til at mest mogeleg av husdyrgjødsel blir spreidd om våren og etter 1. slått med etterfølgjande hausting. Dei som haustar 3 gonger, kan også spreie etter den 2. slått, men ikkje seinare enn 10. august. Avlinga må haustast.

Større einingar, større produksjon pr dyr og dermed større mengder husdyrgjødsel enn tidlegare har ført til at lagringskapasiteten for husdyrgjødsel på mange bruk er for liten. Ein stor del av husdyrgjødsel blir difor spreidd om hausten, og avlinga etter denne spreiiinga blir ikkje hausta. Dette kan føre til uønska tap av næringsstoff til vassdrag, og utslepp av klimagassar til luft.

Dei som spreier husdyrgjødsel seinast 10. august, kan søkje om tilskot til alt arealet der det er spreidd husdyrgjødsel, tilsvarande minst 5 kg totalnitrogen pr daa. Dette tilsvarar ca 1,5 tonn storfe-/grisejødsel eller ca 0,7 tonn sau-/geitejødsel. Dette arealet skal haustast eller beitast etter siste spreiiing for å vere tilskotsberettiga.

Regelen i forskrifta krev at all spreiiing av gjødsel frå føretaket må vere avslutta innan 10. august, og at avlinga skal haustast etterpå. Det inneber m.a. at gjødsel heller ikkje kan spreiest på «andre» areal eller areal som det ikkje blir gitt noko tilskot til. Det er føretaket som spreier gjødsel som skal søkje om tilskot til dette tiltaket, og som også er ansvarleg for at avlinga vert hausta ved slått eller beiting i etterkant av spreiiinga.

§ 16. Tilskot til bruk av tilførselsslantar

Dersom vilkåra i § 15 er oppfylte, kan det gjevast tilskot til areal det vert spreidd husdyrgjødsel på ved hjelp av tilførselsslantar i staden for tankvogn, tilsvarande minst 5 kg totalnitrogen pr daa. Avlinga må haustast etterpå.

Kommentar: Føremålet er å redusere utslepp til vassdrag og luft gjennom redusert jordpakking og agronomisk forsvarleg spreining. Utslepp av lystgass, som er ein sterk klimagass, er størst i fuktig, tett jord med høgt nitrogeninnhald. Kombinasjonen av bæresvak jord, bruk av tungt utstyr, fuktig klima og store mengder husdyrgjødsel gjer at potensialet for utslepp av lystgass er stort i mange område. Bruk av tilførselsslantar for å transportere husdyrgjødsel ut på marka bidreg til å redusere jordpakkinga, og vil såleis vere eit tiltak som kan bidra til å redusere utsleppa av lystgass frå landbruket.

Det kan gjevast tilskot til alt areal der det er brukt tilførselsslantar i staden for tankvogn for å transportere husdyrgjødsel ut på marka. Mengda må tilsvare minst 5 kg totalnitrogen pr daa, dvs ca 1,5 tonn storfe-/grisejødsel eller ca 0,7 tonn sau-/geitejødsel. Tiltaket føreset at vilkåra etter § 15 er oppfylt, dvs at all husdyrgjødsel frå føretaket vert spreidd tidleg i vekstsesongen, seinast 10. august, og at avlinga blir hausta ved slått eller beiting etter siste spreining.

Kapittel III. Rettar, plikter, sanksjonar m.m.

§ 17. Kulturlandskapskrav

Føretak som tek i mot tilskot gjennom Regionalt miljøprogram kan ikkje gjere inngrep i kulturlandskapet, utan at kommunen har gitt samtykke. Normal skjøtsel av eigedomen vert ikkje rekna som inngrep. For brot på denne føresegna gjeld §§ 20 og 21 om avkorting.

Kommentar: Inngrep i kulturlandskapet kan til dømes vere:

- Kanalisering og lukking av elvar og bekkar
- Lukking av opne grøfter
- Oppdyrking av skogbryn, kantsoner og andre restareal mot innmark
- Fjerning av åkerholmar, steingjerde og gamle rydningsrøyser
- Planering av jordbruksareal
- Oppdyrking eller fjerning av ferdselsårer
- Sprøyting av kantvegetasjon og åkerholmar, med mindre dette er eit ledd i skjøtselen av kulturlandskapet

Denne paragrafen skal ikkje tolkast som at alle tiltak i kulturlandskapet er ulovlege. Tvert om skal kulturlandskapet kunne bli utvikla i takt med endra driftsformer i jordbruket.

Normal skjøtsel av eigedomen skal utførast, blant anna:

- regelmessig botn- og sidereinsking av elver, bekker og grøfter
- skjøtsel av tre og busker (hogst, tynning, skjering mv.)
- tiltak for nødvendig kryssing med reiskap

§ 18. Vedtak, dispensasjon og klage

Vedtak etter denne forskrifta vert fatta av kommunen. Fylkesmannen i Møre og Romsdal kan i særlege tilfelle gje dispensasjon frå reglane i denne forskrifta. Vedtak fatta av kommunen kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, jf. Forvaltningslova kap. VI. Vedtak fatta av Fylkesmannen i Møre og Romsdal i første instans kan klagast til Statens landbruksforvaltning.

Kommentar: Det kan berre gjevast dispensasjon frå krav i forskrifta. Det betyr at det ikkje kan gjevast dispensasjon frå tilskotssatsar, soner eller registreringsdato.

I kvart einskild tilfelle skal det gjerast ei konkret vurdering av om det ligg føre tilstrekkelege grunnar for å innvilge dispensasjon. Bakgrunnen for at dispensasjon kan innvilgast er at det i enkelte tilfelle kan vere urimeleg at søkjaren ikkje får tilskot, til dømes i ein oppstartsperiode. Det skal berre gjevast dispensasjon dersom det er ei særskilt forbigåande årsak til at krava i forskrifta ikkje er oppfylte. Dispensasjonar vil bli gjevne for ein søknadsomgang. Dersom det framleis er behov for dispensasjon ved neste søknadsomgang, må det søkjast på nytt.

Det vil ikkje bli gjevne dispensasjon fordi søkjar hevdar å ikkje kjenne til krav i forskrifta. Det er søkjar sitt eige ansvar å halde seg oppdatert om gjeldande reglar.

§ 19. Opplysningsplikt og kontroll

Føretak som søker om tilskot etter denne forskrifta har plikt til å gje alle nødvendige opplysningar som kommunen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal eller Statens landbruksforvaltning krev for å kunne behandle søknaden.

Kommunen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Statens landbruksforvaltning fører kontroll med at utbetalinga av tilskot er rett, og skal ha tilgjenge til all bokføring, korrespondanse og dokumentasjon som gjeld tilskotet. Kontroll av opplysningar gitt i samband med søknad om tilskot, kan også skje ved teljing av dyr og måling av areal på dei landbrukseigedomane føretaket disponerer.

Kommentar: Sjå rundskriv 28/2013 frå Statens Landbruksforvaltning, kommentarar til § 11 i forskrift om produksjonstilskot. Dei same vurderingane blir lagt til grunn her.

§ 20. Tilbakehald og avkorting ved brot på forskrifta

Dersom føretaket har gitt feil opplysningar som kunne eller har ført til urettvis utbetaling av tilskotet, kan heile eller deler av tilskotet haldast tilbake inntil forholdet er avklara. Dersom dei feilaktige opplysningane er gitt aktaust eller forsettleg, kan heile eller deler av tilskotet avkortast.

Kommentar: Sjå rundskriv 28/2013 frå Statens Landbruksforvaltning, kommentarar til § 12 i forskrift om produksjonstilskot. Dei same vurderingane blir lagt til grunn her.

§ 21. Avkorting ved brot på anna regelverk

Dersom føretaket driv eller har drive verksemda si i strid med regelverk for jordbruksverksemd, kan heile eller deler av tilskotet haldast attende til forholdet er retta. Er det ved brot på slikt regelverk vist grov aktløyse eller forsett, kan tilskotet avkortast heilt eller delvis.

Kommentar: Sjå rundskriv 28/2013 frå Statens Landbruksforvaltning, kommentarar til § 13 i forskrift om produksjonstilskot. Dei same vurderingane blir lagt til grunn her.

§ 22. Utrekning og innkrevjing av avkortingsbeløp m.v.

Differansen mellom utbetalt beløp og redusert tilskot som følgje av vedtak om avkorting etter §§ 20 og 21, kan krevjast tilbakebetalt frå mottakaren. Tilsvarande gjeld der føretaket som følgje av manglande oppfylting av vilkår i denne forskrifta eller av andre grunnar har motteke ei utbetaling som føretaket ikkje hadde rett til. Beløpet kan også motreknast i seinare utbetalingar etter denne forskrifta eller i seinare utbetalingar av tilskot til føretaket.

Der mottakaren ikkje var i aktsam god tru om utbetalinga, kan renter krevjast frå det tidspunktet då tilbakebetalingskravet kom fram til føretaket. Ved grov aktløyse eller forsett kan renter krevjast frå tidspunktet for utbetalinga av det urettmessige tilskotet.

For renter gjeld elles lov 17. desember 1976 nr. 100 om forseinka betaling m.m. med tilhøyrande forskrifter.

Kommentar: Sjå rundskriv 28/2013 frå Statens Landbruksforvaltning, kommentarar til § 14 i forskrift om produksjonstilskot. Dei same vurderingane blir lagt til grunn her.

§ 23. Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft frå 1. juli 2013. Frå same tid blir forskrift 29. juni 2010 nr. 1019 om tilskot gjennom Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal oppheva.

Spørsmål om Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal kan rettast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal ved:

Arnold Hoddevik	71 25 81 54	arnold.hoddevik@fylkesmannen.no
Magna Bergem	71 25 81 37	magna.bergem@fylkesmannen.no
Ottar Longva	71 25 81 25	ottar.longva@fylkesmannen.no

Med helsing

Ottar Longva (e.f.)
Fylkesjordsjef

Arnold Hoddevik

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

kopi:

Statens landbruksforvaltning	Postboks 8140 Dep.	0033	OSLO
Møre og Romsdal Bondelag	Postboks 2047	6402	MOLDE
Møre og Romsdal bonde og småbrukarlag	v/Øystein Ormbostad	6590	Tustna